

FAU Hasund skule

Innspel til skulesaka 23.03.2022

Som foreldre setter vi pris på å ha ein skule som er nær oss, og har stor sympati med familiane som no risikerer at deira nærskule kan bli lagt ned. Vi meiner sjølve vi har ein god skule og er stort sett fornøgde med korleis den er driven. FAU ved Hasund skule ønsker med dette å vise støtte til dei som ønsker å behalde skulane sine på Haddal og Ulstein.

Dette er likevel ei stor sak med mange element. Til tross for rapporten, har vi i FAU på Hasund skule lite oversikt over konsekvensane ei samanslåing med Haddal Skule vil få for oss, og også konsekvensane vi får dersom det ikkje blir skulenedlegging. Uansett kva utfallet blir i skulesaka, ser vi for oss at det kan gje ein del praktiske konsekvensar for Hasund skule også, og det blir vårt fokus i dette innspelet til skulesaka.

1. Kva vil det bety for Hasund skule dersom skulestrukturen blir uendra?

Det vi er mest bekymra for ved uendra skulestruktur, er om kommunen må gjere ytterlegare innsparingar i vår skule. Korleis vil det i so fall slå ut for elevane, vil dei få eit dårlegare skuletilbod? Kva skal det sparast inn på - lærartettleik, spesialundervisning, undervisningsmateriell, vedlikehald?

2. Kva vil det bety for Hasund skule dersom Haddal skule blir lagt ned?

Det vil då kome om lag 60 nye elevar til vår skule. I rapporten frå kommunen står det at det er plass til alle elevane frå Haddal skule. Vi kan ikkje sjå for oss korleis det skal fungere i praksis. Vi meiner det blir plassmangel - vi har for små klasserom, og vi må ta i bruk brakkene som klasserom. Store delar av bygningsmassa er 30 år gamal, og FAU og foreldre har ofte klaga på innemiljøet i klasseromma i mange år. Mellom anna er ventilasjonsanlegget på skulen dårleg og må utbetrast. Dersom det kjem 60 nye elevar, blir dette eit enno større problem.

Uteområdet til Hasund skule er ikkje stort, og det er ikkje mogeleg å utvide. Det er nesten ingen leikeapparat på skulen. Med 60 nye elevar blir dette ei enno større utfordring.

Elevar ved skulen opplever ofte skuleskyssen som eit problem, og ved fleire anledningar har dei måtte nytte ståplass i bussen. Korleis vil ein løyse dette ved elevar som skal reise frå Haddal/Eiksund med t.d ståplass i 80-sone?

Det er vanskeleg for oss å sjå ei forsvarleg løysning på å slå saman skulane Haddal/Eiksund og Hasund, med tp romsituasjon, bruk av brakker, underdimensjonert ventilasjonsanlegg og for lite uteareal. Vi undrar oss over at det vil vere vesentlege innsparingar ved å slå saman skulane, det vil kome store utgifter på utbetringar på Hasund skule.

FAU ved Hasund skule vil avslutte med at dersom kommunen likevel vel å slå saman Haddal skule med Hasund skule, så vil vi sjølv sagt ønske dei nye elevane og foreldra velkomne til oss, og vi ser på det som positivt å skape større tilhøyrighet mellom Haddal, Eiksund og Hasund.

MVH FAU ved Hasund skule